Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 85.

Fylke:

Tilleggsspørsmålnr.

Herad:

Emne: Tradisjoner, tru og segner omkring jeger og jaktdyr.

Bygdelag.

Oppskr. av: M. Bakken

Gard:

(adresse): Hattfjelldal

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

op.

1. Ein skaul gjerne i meste laget om det let seg gjera. Det kunne koma vel med for sinare bruk.

3. Etter gamal god kristenskikk burde jegeren halda seg heime om sundagane.

4. Skadeskote dyr burde fellast så framt det let seg gjera.

6 Det var ymse ting ein kunne bita seg merke i som varsel, fyre og under ein jaktur.

7 Etter at du fekk til jaktlover med rett til brukaren å fella eit eller fleire dyr som t.d. elg på kvart matrikkel nr. Hadde skyttaren rett til halve fengda dersom han ikkje høyrde garden til og var linga til å jakta.

14. Ein kunne ~~mot~~ verna seg mot

16336

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



Svar.

rovdyr med t.d. eld, håjing og skramel, då rovdyra var redde slike ting, då særleg eld.

16. Det var vanleg meining at rovdyra verka meir redde av seg, dersom vedkomande fekk fyrst auga på dyret.

20. Det var ei tru, at folk ikkje måtte nemna ordet kjøtt om oskeonsdagen. Sa nokon kjøtt den dagen trudde dei at udyra kom til å drepa krøtter for dei om sumaren etter.

23.-28. Dei trudde på „finngan."
Dei trudde at finnar (samar) kunne stemma bjørn og ulv på buskapen til bufolk, dersom dei vart fornærma på eit eller anna vis. Dei kunne og „gana" børssa til mannen. Dei trudde og at gamle samar (finnar) kunne skapa seg om til bjørn og sjølv drepa i buskapen.
Grunna dei for „finngan" på ein gard måtte mannen rusta seg godt med sylvkulor til byrssa. Det går segner om at dei med slike sylvkulor skaut finnar som hadde gjort „bjørn" av seg. Då dei flådde slike kunne ein finna både tobakdåse og „ellforkaske" (fyrtøyet) inner skinnet.

16336

sp. Svar.

29. Ein bjørnetragedie for kring 60 år sidan. 3 ungdomar var ute ein kveld skulle ro frå Vesterbukt til Sjåvik. Rett som det var fekk dei sjå ein bjørn som kom symjande. Dei trudde vel at han ikkje var så fårleg på vatnet, og hadde vel kome han for nær. Rett som det var sprang bjørnen inn i båten, båten gjekk rundt og dei 3 karane kom seg på kvelvet. Bjørnen gjorde ein sving kom att og sprang over kvelvet. to av karane vart skyld burt frå kvelvet og drukna; Den tredie greidde å halda seg fast til andre dagen, då det kom ein mann frå Sjåvik og berga han. Dette er den siste bjørnen som har reke forbi her på vestre sida av Røsvatnet. Det har seinare vorte skote i alt 3 bjørner her i Bygda, den siste for ein 3 år sidan.

30 Rovdyrplåga var ikkje verre under siste krigen enn elles. Men no er sume rovdyr freda på andre sida av riksgrensen så ein har merka større invasjon av t. d. gaupe frå Sverige dei siste åra.

16336